



VOSS HERAD

Kommuneplan 2020-2031

Føresegner og retningslinjer – framdriftsplan for
kommuneplanarbeidet





Føresegner og retningslinjer

Samla føresegner og retningslinjer under same punkt slik at desse heng betre saman.

Ein del retningslinjer er omgjort til føresegner. Nye retningslinjer for LNF-område m.a. for å imøtekomme målet om levande bygder.

Føresegner for LNF-område - gardstun

1. Det kan vera inntil to bustadhus på ein landbrukseigedom slik at to generasjonar kan bu på eigedomen samstundes. Alle bustader knytt til landbrukseigedom skal som hovudregel lokaliserast som ein del av tunskipnaden. Landbruksfagleg vurdering skal liggja føre.
2. Det kan unntaksvis byggjast inntil 3 bustadhus på landbrukseigedom dersom det kan dokumenterast at tre generasjonar samstundes har trong for bustad. Denne opningen er kun for landbrukseigedomar som er underlagt lovfesta buplikt (større bruk). Landbruksfagleg vurdering skal liggja føre.
3. Landbruksfagleg vurdering skal liggja føre ved mogleg bruksendring, jf. «Garden som ressurs» (jf. rettleiar til PBL, LOV 2008-06-27).

Føresegner for LNF-område - frådeling

1. All frådeling av tomter og hus på landbrukseigedomar krev løyve etter PBL og Jordlova. Slike saker er dispensasjonssaker og skal til Fylkesmannen til uttale.
2. Det skal ikkje frådelast til tiltak som bygger ned dyrka jord, dyrkbar jord og andre høgproduktive landbruksareal. Dette gjeld både tomt og areal for tilkomst.
3. Det skal ikkje frådelast tomter som ligg tett på innmarksareal (nærare enn 20 meter).
4. Det skal ikkje frådelast bustader i gardstun, med mindre eigar sel alle LNF areal og alle landbruksrettar som tilleggsjord til gardsbruk.
5. Det skal ikkje byggjast nærare driftsbygning i tradisjonell drift enn 100 meter, og tilkomsten skal ikkje gå gjennom gardstun.



Plandokument	Status	Tema
Planprogrammet	Vedteke mars-2018	Fokusområde for kommuneplanen.
Samfunnsdelen	Utkast november-2018. Vert ferdigstillt april 2019	Satsingsområde, mål og strategiar
Arealdelen	Sept.2018-august 2019	Ny arealbruk, senterstruktur, føresegner/retningslinjer, ROS m.m.
Arealdelen	Sept.2018-september 2019	Løypemelding i felles heradsstyremøte februar og august 2019.
Arealdel/samfunnsdel	Mars 2019	Regionalt planforum 26.mars 2019
Planutkast	August/september 2019	Fellesnemnda 13.9.2019. Høyring: september-november 2019.

- Ny kommuneplan 2020-2031 skal vedtakast av Voss heradsstyre i 2020.